

FAU-møte 02.03.22

Tid	Onsdag 2. mars 2022, kl 18.00-19.30
Stad	Personalrommet, Utleira skole
Deltakarar	Bente Moholt (rektor) (deltok t.o.m sak 7/22), Runar Andreas Lein (1.-trinn), Inger Johansen (2.-trinn), Vibeke Leistad (4.-trinn) via Meet), Anders Abelgaard (6.-trinn), Ingrid Holden (7.-trinn)
Fråfall	Astrid Vesteraas Thaulow (3.-trinn), Dag Rune Kvitem (5.-trinn)

Sak nr	Sak	Ansvar
	<p>Rektors kvarter Rektor informerte om aktuelle saker: 17. mai: På rektormøtet var det representantar frå 17. mai-komiteen, og planen er at feiringa skal bli som vanleg: Det blir eit lite arrangement ved skulen først, med tale og kor, og så er det foreldrekontaktane som blir med ungane ned til byen for å gå i toget. Utleira skal gå som skole nr. 21, ca. midt i toget.</p> <p>Samarbeidsmøte: Onsdag førstkommande veke blir det trinnvise samarbeidsmøte mellom foreldrekontaktane og trinnlærarane.</p> <p>Skulegårdsfest: I år kan vi igjen ha skulegårdsfest. Det er vanlegvis i juni. Vi må tenkje på tema for festen, som ungane jobbar med på forhand.</p> <p>Skuleballet blir 17. mars.</p>	Rektor
5/22	<p>Skjermbruk Innkommen sak frå 1. trinn: Spørsmål om skjermbruk under matpausen, i friminutt, under avslapping o.l. Dette spørsmålet har vi svart ut før, men Bente tar uansett kontakt med SFO og lærarane og kjem tilbake med eit svar på neste møte.</p>	Bente/Runar
19/22b	<p>Mat på SFO Innkommen sak frå 2. trinn: Spørsmål om meir info om maten som blir servert på SFO, om det er nok variasjon og om kva som eigentleg er varmmat.</p>	Inger

	<p>Dette hadde vi oppe som sak før jul også, og SFO skulle sende ut info til alle foreldre etter jul. Inger har vore i kontakt med SFO og etterlyst denne infoen. Det kjem ut info til alle etter at ny meny og kontrakt med Trondheim kommunes produksjonskjøkken er utarbeidd. Sidan dette er andre gong på kort tid vi får inn denne saka, skal vi følge opp dette litt grundigare og skrive eit innspel med idear og ønske frå foreldra til SFO om dette.</p>	
6/22	<p>Fordeling av tid på skøytebanen Innkomen sak frå 2.-trinn: Spørsmål om korleis dette blir fordelt, og om det finst andre, meir effektive/rettferdige måtar å utnytte skøytetida på. Det er elevrådet som fordeler tida på banen mellom trinna. Rektor skal undersøke meir rundt dette og koma med eit svar.</p>	Bente/Inger
7/22	<p>Uteområda til skulen Innkomen sak frå 2.-trinn: Uteområda til 3.- og 4.-trinn er veldig dårlege utan leikeapparat og ikkje eingong ein benk. Går det an å gjera noko med dette? Spør ungane kva dei vil ha, søkje fond om pengar, staudar frå Leira, foreldre kan stille på dugnad osv. Rektor skal snakke med trinnlærarane og koma med ei tilbakemelding, og så følger vi opp saka på neste møte.</p>	Bente/Inger
1/22	<p>Elevundersøkinga Skulen skal ha ein gjennomgang av resultata med kommunen (v/Anders) på eit møte neste veke, og så blir dette tema ved neste foreldremøte. Vi synest spesielt det er interessant å finne ut kvifor motivasjonen ser ut til å gå ned over heile landet. Vi skal sjekke kva NTNU Samfunnsforskning seier om dette i dei årlege analysane sine.</p>	Bente/ Anders/ Alle
4/22	<p>Ope møte No når det går an å ha foreldremøte igjen, vil vi arrangere eit ope møte mellom foreldre og FAU. Her kan vi styrkje kontakten, og vi kan diskutere saker som FAU skal arbeide med vidare. Eit slikt møte bør bli eit fast møte, enten ein gong i året eller annakvart år. Når vi kallar inn til møtet, kan vi be foreldra foreslå saker, og vi kan gi eksempel på saker. Vi ser for oss møtet i vår, kanskje etter skulen sitt storforeldremøte.</p>	Alle
	<p>Neste møte blir onsdag 6. april.</p>	

